

Årsmelding 2023

Mål	Status per 01.01.2024
Ha minst sju aktive lokallag ved utgangen av perioden. Alle lokallag skal få besøk frå fylkesstyret minst to gonger i løpet av perioden.	Per i dag er det tre aktive lokallag i Vestland Unge Venstre: Bergen Unge Venstre, Nordfjord Unge Venstre og Sunnfjord Unge Venstre.
230 betalende medlemmar	Ved utgangen av 2023 hadde Vestland Unge Venstre 159 betalende medlemmar. Totalt har VUV 356 medlemmer
Oppnå at minst 75 % av medlemmene betaler kontingenten ved utgangen av året	I 2023 oppnådde Vestland Unge Venstre ein betalingsprosent på ca. 45%.
Vere representert i alle organ i Vestland Venstre der Vestland Unge Venstre har representasjon, samt på alle større arrangement i regi av Venstre i Vestland.	Vestland Unge Venstre var representert på alle styremøter, valkomitémøter, programkomitémøter, fylkesårsmøtet og dei fleste store møter i regi av Vestland Venstre
Vere representert på alle landstyremøter, landsmøte, sommarleir og andre store UV-arrangement.	Vestland Unge Venstre var representert på alle landsstyremøter i 2023, samt sommarleir, landsmøtet og dei fleste store UV-arrangement. VUV har også vore representert i sentralstyret.
Velje landsmøtedelegater på eit medlemsmøte.	Vestland Unge Venstre valde landsmøtedelegatene sine på eit medlemsmøte den 27.10.2023

1. Organisasjon

1.1 Årsmøte

Vestland Unge Venstre heldt sitt årsmøte i 2023 den 28 april.

Vestland Unge Venstre heldt vidare eit medlemsmøte for val av landsmøtedelegater på Google Meet den 27. oktober. Medlemsmøter i Vestland Unge Venstre blir kalla inn på same måte som årsmøter.

1.2 Fylkesstyret

Styrets samansetning i perioden 2023-2024

- Thea Moen Flølo leiar
- Sofie Christiansen, første nestleiar
- Magnus Olai Lode, andre nestleiar
- Frøydis Elise Helgheim Grung, økonomiansvarlig
- Ådne Wilberg styremedlem
- Amelia Bujar, styremedlem
- Henriette Schau Johansen, styremedlem
- Henrik Børresen, styremedlem
- Oscar Eliassen Fink, første varamedlem

Arbeidet i perioden har fungert tilfredsstillande til tross for manglende oppmøte av enkelte styremedlemmer og medlemmer av AU. Det må likevel merkast at mykje av arbeidet hamna på leiar fordi nokre styremedlemar ikkje har stilt opp på møter eller ikkje har bidrege i annan form. Styremøtene har bestått av to digitale og fire fysiske møter i Bergen. Å avhalde styremøter blei noko amputert grunnet valkamp høst 2023.

Arbeidsutvalet har hatt fortlaupande kontakt via internchatter gjennom heile perioden. Til tross for amputert deltakelse. Fylkesstyret har også diskutert saker i interne chatter.

Innkallingar, saklister og referat har stort sett blitt sendt ut skriftleg per e-post til medlemar av styret og fylkesfadderer til Vestland Unge Venstre i sentralstyret.

Grunnet effektivitet har styremøtene blitt holdt i Bergen, det kan gis kritikk til styret for dårlig behandling av økonomi.

1.3 Lokallag

I 2023 har fylkesstyret oppretta 2 nye lokallag, Sunnfjord og Nordfjord Unge Venstre. I valkampen har arbeidsutvalet hatt mykje reiseaktivitet i lokallagene. I blant annet Sogndal og Førde ble det gjennomført god verving som førte til nye lokallag. Dessutan klarte vi å besøke alle dei 52 vidaregåande skulane i Vestland. Ved utgangen av 2023 hadde Vestland Unge Venstre tre aktive lokallag. Bergen Unge Venstre, Sunnfjord og Nordfjord Unge Venstre. Likevel skal det merkast at ein har hatt kontakt med folk som har sagt at dei kunne tenka å starta opp att lokallag både i Sogndal, på Voss, Sunnhordland og Kinn. Dette legg eit godt grunnlag for det komande styret for å auka talet av lokallag.

1.4 Medlemar

Tal betalande medlemar i 2023 var 159.

1.5 Økonomi

Vestland Unge Venstre har vore prega av manglande økonomiansvarleg. Fram til desember var det gamle fylkesleiar Marius Helland Hindenes som stod for økonomien. Dette kjem av manglande kunnskap, motivasjon og interesse. Styret kan kritiseras for dette. Som ein følgje av dette har fylkesleiar fungert som økonomiansvarleg, sjølv om det også har vore mangel på kunnskap, motivasjon og interesse her. Dette har likevel fungert heilt greitt, med stor støtte frå fylkesstyret. Dei siste åra har Vestland Unge Venstre ikkje brukt særleg mykje pengar, noko som skuldast faktorar som pandemi og inaktivt fylkesstyre. Til tross for dette har vi auka pengebruken betydeleg i 2023, sidan vi har hatt pengar på bok. Difor har vi mellom anna auka bruken av pengar på sosiale og teambuilding-aktivitetar, som fangene på fortet og gokart. Vestland Unge Venstre si økonomi har vore prega av valkamp der ein har nytta betydelege midlar. For å spare pengar har arbeidsutvalet nytta seg av Venstre til blant anna overnatting i valkampen. Vestland Unge Venstre har samla sett brukt over 300 000 kr berre i 2023. Dette er grunnet generelle prisøkningar i 2023. Vidare kritikk kan rettast mot styret for dette, men vi har sett det som naudsynt å oppgradere aktiviteten i 2023.

1.6 Fråsegner

Fylkesstyret har ikkje prioritert å sende inn fråsegner til landsstyret. Dei har derimot sendt inn til fylkesårsmøtet til Vestland Venstre.

2. Representasjon

2.1 Vestland Venstre

Vestland Venstre sitt fylkesårsmøte

Vestland Unge Venstre hadde fem delegatar som deltok på fylkesårsmøtet på vegne av sine lokallag, i tillegg møtte fylkesleiar i kraft av å vera medlem av fylkesstyret i Vestland Venstre.

Styret i Vestland Venstre

Marius Helland Hindenes og Thea Moen Flølo (etter 28.april) har møtt som Vestland Unge Venstres representant i styret til Vestland Venstre.

Fylkestingsgruppa i Vestland Venstre

Marius Helland Hindenes og Thea Moen Flølo (etter 28.april) har møtt som observatør med talerett, frem til valet da Marius kom inn som fylkestingsrepresentant og Thea som vara. Da kom dei inn som vanlege medlemmer i Vestland Venstres fylkestingsgruppe.

Diverse råd, nemnder og utval i Vestland Venstre

Vestland Unge Venstre har vore representert i dei aller fleste råd, nemnder og utval som Vestland Venstre har sett ned.

Venstres landsmøte

Venstre avholda ikkje landsmøte i 2023.

2.2 Norges Unge Venstre

Norges Unge Venstre sitt landsstyre

På grunn av ein kombinasjon av praktiske omsyn og utfordringar knytt til omrokking i styret so har det vore varierende kven som har møtt i landsstyret. Thea Moen Flølo har møtt kvart landsstyremøte i 2023. VUV sin andre representant har vore Sofie Christiansen etter årsmøte.

Norges Unge Venstres sentralstyre

Vestland Unge Venstres medlemar Ane Breivik (NUVs leiar), Jens Håkon Birkeland (2. Nestleiar) har vore medlemar av sentralstyret. På landsmøte i haust vart Ane Breivik igjen vald som leiar, og Jens Håkon Birkeland gjekk av. Til tross for store motsetningar i styret. Vi takkar for din tjeneste. Og er glade for at han blei vald som leiar av Norges liberale studenter.

Norges Unge Venstre sitt landsmøte

Vestland Unge Venstre var representert med 17 delegatar og ein observatør på Norges Unge Venstre sitt landsmøte den 3. november til 5. november. Dette er medrekna delegatar som ikkje reiste på VUV sin delegasjon men var til stades i kraft av verv, eller på andre delegasjonar.

På landsmøtet blei følgjande medlemar valde til verv i Unge Venstre: Ane Breivik (Leiar) og Hanna Bakkelund.

2.3 Norges liberale studentforening

Norges liberale studentforening har gjenoppreist seg i Bergen Liberale Studenter med Aurora Schmidt Galaaen Grindaker som leiar. Jens Håkon Birkeland blei vald som leiar av Norges liberale studentforening i desember. Ein må bli betre på å samarbeide om skulebesøk og arrangement på dei høgare utdanningsinstitusjonane. Vidare bør ein bli flinkare å koordinere når dei høgare utdanningsinstitusjonane held val.

2.4 Anna representasjon

Vestland Unge Venstre har vore representert på ein mengde debattar og markeringar. Dette ser styret som svært positivt då det viser at fylkeslaget er aktivt.

3. Aktivitet

I år har Vestland Unge Venstre hatt mykje meir aktivitet enn de siste årene. Spesielt i skulevalkampen har vi hatt stor aktivitet i lokallaga og gjenoppretta motivasjonen i medlemsmassen.

3.1 Media

Vestland Unge Venstre har vore svært aktivt i media det siste året. Blant annet har det vore brukt 15.000 daglig på snapchat i valkampen. Retriever viser at mange av våre aktive medlemar har hatt oppslag i ei eller anna avis. Fylkesstyret har hatt mange medieoppslag, spesielt i valkampen der blant anna leiarduo har vært i media storm grunnet cannabisplakaten. Ellers har vore flinke til å skrive leserinlegg, som for eksempel folkehøgskole, russetiden og tilrettelegging for elever med utfordringar.

Nettsidene

Nettsidene er oppdaterte, og det jobbast med ein ny og betre utforming for å dele informasjon meir effektivt.

3.2 Aktivitet i Vestland Unge Venstre

Gjennom året har Vestland Unge Venstre hatt kontinuerlig aktivitet, arrangert av fylkeslaget og lokallaga. Fylkesstyret har jobba aktivt med å hjelpe lokallaga å arrangere årsmøter og medlemsmøter.

3.3 Aktivitet i Norges Unge Venstre

Vestland Unge Venstre har vore godt representert på dei fleste nasjonale arrangement i regi av Norges Unge Venstre.

Kick-off

Oslo Unge Venstre og Viken Unge Venstre arrangerte som vanleg Kick-off. Ein gjeng på om lag 7 stykk frå Vestland Unge Venstre deltok.

4.0 Eventuelt

Jens Håkon Birkeland (2. nestleiar i NUV) reiste til Stockholm saman med mellom anna Oscar Eliassen Fink (vara-styremedlem i VUV) for å stifte SNUS (Samanslutning av Nordens Unge Sosialliberale) med medlemmer av IU.

Til slutt vil vi tilføye at dette har vore eit svært godt og innhaldsrikt år for VUV. Vi har stifta nye lokallag, klart å besøke alle dei 52 skulane i Vestland og hatt gode diskusjonar. Alt i alt vil vi takke for eit fint år og glede oss til ein ny periode. Vi håpar at denne perioden blir fylt med god økonomi, fine diskusjonar og høgt nivå av motivasjon.

SLAY.

Bergen, 10.02.2024

	Thea Moen Flølo	
	(leiar)	
Sofie Christiansen		Frøydis Grung og Oscar Fink
(1. nestleiar)		Styremedlemmer